

Olav Stedje (53) vitja Dønhaugkjedlaren i vår. No har Magne Huglen gjort eit lite kupp: Han har fått den populære og slitesterke artisten frå Sogndal til å komma attende ein gong til i 2006. Det skjer laurdag 14. oktober, bere stutt tid etter at Stedje ga ut albumet 'Livstegn' denne veka.

Det skjedde måndag og dette er den første plata hans med nytt materiale på 11 år. Ikkje overraskande er sjølv signaturmelodien på CD-en 'Du og eg'.

- Eigentleg var Olav fullbooka til langt ut på nyåret, men han ville likevel komma attende til oss. Det er vi verkeleg glade for, seier Magne til uskedalen.no.

Olav Stedje er mannen med den finaste barten i norsk popbransje og for mange sjølv definisjonen på norsk softrock. Han hadde faktisk sin platedebut som soloartist for 25 år sidan i år. 'Vi vandrar saman' var ein av songane og 'Når ho er hjå meg' ein annan. Året etter nådde han den første toppen i karrieren sin og fekk Spellemannsprisen for årets pop-plate.

Men suksessen heldt fram, med 'Tredje Stedje' samme året og det vart Spellemannspris att året etter. Då var han og med i Melodi Grand Prix, med 'Melodi'. Seinare vart det fleire Grand Prix-songar....I 1995 kom han med CD-en 'Bot og bedring', ei stadfesting av den kvalitet og tradisjon han har vorte kjend for.

Eit fruktbart samarbeid med Jonas Fjeld var og ein viktig 'knagg' for sogningen. Så vart det heller stille rundt han, til han dukka opp att i ein skjønn duett med Mia Gundersen. Men det endelege livsteiknet kjem altså no.....

Seks sølvplater har han bak seg og han stoppar nok ikkje der.

Av Ola Matti Mathisen